

# Klima - og miljørådet i Gol kommune

## 2019. Møtereferat.

---

**Tid og stad:** onsdag 6.02.19 kl 14-15, møterom 306

**Deltakarar:** Hege Mørk, Svein Eide og Jørn Magne Forland

Heidi Granli møtte ikkje grunna sjukdom.

### Agenda:

1. Gjennomgang av kommunens klimagassrekneskap for 2018
2. Gjennomgang av klimasatssøknadar
3. Visning av metodar for effektberegning av klimatiltak
4. Eventuelt

### Referat:

1. Kommunens samla klimagassrekneskap for 2018 syner ei nedgang i dei totale utsleppa, noko som er relatert til eit mindre straumforbruk enn i 2017 (og 2016). For utsleppskjeldene transport og avfall er det ei svak auke.  
Det bør verte halde ein presentasjon til kommunestyret der ein syner utviklinga samla og for dei ulike sektorane.  
Samla utgift til køyregodtgjersle utgjer om lag 300 000 kr årleg. Her bør ein sjå på om kommunen bør lease ein eller to bilar til, då el-bilar, for å få ned både utgifter og utslepp.
2. Det vert sendt 6 klimasatssøknadar frå Gol kommune i 2019, der to av desse er interkommunale. Den eine er for oppretting av eit klimanettverk i Hallingdal og den andre er på vegne av Hallingdal renovasjons sitt forprosjekt innan biogass.  
Gol åleine søker om støtte til:
  - Kartlegging av mobilitet i Gol tettstad
  - Klimaambisiøs ny brannstasjon – forprosjekt
  - Klimaambisiøs nytt avsløpsrenseanlegg – forprosjekt
  - Klimavennleg samferdselløft – forprosjekt  
Søknad om sykkelparkering på Gol stasjon vert ikkje sendt i denne omgang, då mykje framleis er uavklart på stasjonsområdet i tillegg til at Bane Nor er grunneigar. Til neste år kan det vere aktuelt.
3. På [www.miljokommune.no](http://www.miljokommune.no) ligg det fleire malar som kan nyttast i arbeidet med å rekne ut effekten av klimatiltak.

Gol 07.02.19

Jørn Magne Forland  
sekretær i klimarådet.